



Saksbehandlar: Sissel Aarvik

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/24	Formannskapet	11.06.2024

Planprogram for Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for Detaljregulering for AF Miljøbase med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden blir vedteke slik det ligg føre datert 28.05.2024.

Formannskapet 11.06.2024:

Behandling:

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet foreslått av Øyvind Valen:

«Bruken av sjøarealet er eit stort tema i denne reguleringsplanen. I planskilddinga, eller i eit eiga notat, skal det difor skildrast korleis sjøarealet skal nyttast ved ulike alternativ for drift på land, inkludert liggetid for installasjonane og talet på installasjonar. Det skal og gjerast greie for bruken av arealet dersom det er liten eller ingen produksjon av vindmøller på landbasen. Dette skal leggest til grunn for føresegnene i forslaget»

Votering:

Punkt 1, kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for Detaljregulering for AF Miljøbase med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden blir vedteke slik det ligg føre datert 28.05.2024.

Einstemmig vedtatt med 8 stemmer

Punkt 2, tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet:

«Bruken av sjøarealet er eit stort tema i denne reguleringsplanen. I planskilddinga, eller i eit eiga notat, skal det difor skildrast korleis sjøarealet skal nyttast ved ulike alternativ for drift på land, inkludert liggetid for installasjonane og talet på installasjonar. Det skal og gjerast greie for bruken av arealet dersom det er liten eller ingen produksjon av vindmøller på landbasen. Dette skal leggest til grunn for føresegnene i forslaget»

Einstemmig vedtatt med 8 stemmer

FS- 044/24 Vedtak:

1. Planprogrammet for Detaljregulering for AF Miljøbase med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden blir vedteke slik det ligg føre datert 28.05.2024.

2. Bruken av sjøarealet er eit stort tema i denne reguleringsplanen. I planskilddinga, eller i eit eiga notat, skal det difor skildrast korleis sjøarealet skal nyttast ved ulike alternativ for drift på land, inkludert liggetid for installasjonane og talet på installasjonar. Det skal og gjerast greie for bruken

av arealet dersom det er liten eller ingen produksjon av vindmøller på landbasen. Dette skal leggest til grunn for føresegnene i forslaget

Saksutgreiing

Samandrag

Utarbeiding av reguleringsplan for Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden krev planprogram og konsekvensutgreiing.

Planprogrammet inneheld ei skildring av planområdet, aktuelle problemstillingar, dei tilhøva som skal utgreiast, kva metodar som er planlagt nytta, informasjon om planprosessen og opplegg for medverknad.

Planprogrammet har vore på høyring og offentleg ettersyn og skal no vedtakast av kommunen. I følgje Vindafjord kommune sitt delegeringsreglement har formannskapet myndigheit til å fastsetja planprogram.

Når planprogrammet er fastsett, skal forslagsstillar utarbeida konsekvensutgreiing på grunnlag av dette og leggja konsekvensutgreiinga til grunn for det vidare arbeidet med reguleringsplanen.

Det går fram av det vedlagte planprogram at følgjande tema skal konsekvensutgreiast: Naturmangfald, vassmiljø, naturressursar (fiskeri, akvakultur og drikkevatt), landskap, støy, luftforureining, klimagassutslepp, friluftsliv og kulturminne og kulturmiljø.

I tillegg skal andre tema bli behandla i eigne rapportar/notat eller i planskildringa. Dette gjeld: geoteknikk og områdestabilitet, transportbehov og trafikk i sjø, trafikk på land, forureina grunn, energibruk/-løysingar, massehandtering, vatn, avløp og overvatn, ankring, nærings- og samfunnsinteresser, bustad, nærmiljø og folkehelse, arkitektonisk og estetisk utforming, volum og høgder, barn og unge og universell utforming

Planplanområdet omfattar areal både i Vindafjord og Tysvær kommunar. Planprogrammet gjeld heile planområdet, og skal vedtakast i begge kommunane. Det same gjeld etterfølgjande førstegangsbehandling av planforslag og vedtak av plan.

Bakgrunn for saka

Det er varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden. Bakgrunnen for dette er at AF Miljøbase ønskjer å utvida operasjonane sine i Vats for å sikra tilstrekkelege areal for produksjon og lagring av fundament til offshore vindmøller, og til montering og mellomlagring av ferdige vindmøller i fjorden før dei blir slepte ut til Nordsjøen. Det skal og leggjast til rette for utviding av eksisterande industriverksemd på og knytt til basen på Raunes.

Reguleringsplanen for Vats mottaksanlegg på Raunes vart vedteken i 2007. Planen legg til rette for industriverksemd med etablering av djupvasskaiar mot Vatsfjorden. Området er regulert til byggeområde for industri, landsbruksområde, trafikkområde, spesialområde for bevaring av kulturminne og friluftsområde, og kombinerte formål for masseuttak/parkbelte. Ei mindre endring av planen vart vedteken i 2008 som følgje av behov for endring av kaifronten på den nordlegaste djupvasskaien.

I 2014 vart Reguleringsplan for sjøområde i Vats- og Yrkefjorden vedteken. Planen legg til rette for industriell aktivitet i fjorden i tilknytning til næringsområdet på Raunes. Dette som følgje av behov for å seksjonera installasjonar i fjorden før ilandsetjing. Arealane er regulerte til hamneområde i sjø, ferdsl (riggområde), akvakultur, omsynssone gyteområde og faresone for ras og skred.

Saks- og faktaopplysningar

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing (KU), jf. plan- og bygningslova (pbl.) §§ 4-1 og 4-2. Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad og behovet for KU.

Forslaget til planprogram er utarbeidd av Norconsult på oppdrag av AF Decom Offshore AS. Planprogrammet blei sendt på høyring frå Norconsult 25.02.2024, saman med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid. Høyringsfrist var sett til 05.03.2024. Tiltakshavar/konsulent har i høyringsperioden halde informasjonsmøte og open kontordag i Skjold Arena. Neste steg er at ansvarleg myndigheit, Vindafjord kommune, skal fastsetja det endelege planprogrammet. I følgje kommunen sitt delegeringsreglement er dette delegert til formannskapet.

Forhold til forskrift om konsekvensutgreiing (KU)

Etter pbl. § 4-1 skal det, som ledd i varsling av oppstart av planarbeid, utarbeidast planprogram for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn.

KU-forskrifta § 4 seier at forslagsstillar skal vurdere om planen eller tiltaket er omfatta av KU-forskrifta §§ 6, 7 eller 8. Norconsult har gjort ei slik vurdering:

Etter § 6 bokstav b skal reguleringsplanar for tiltak i vedlegg I alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram. Følgjande punkt i vedlegg I «slår inn» i denne saka:

- punkt 19: «Uttak av malmer, mineraler, stein grus, sand leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter mer enn 2 millioner m³ masse, eller uttak av torv på et område som er større enn 200 dekar».
- punkt 30: «Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i Vedlegg I der utvidelsen eller endringen i seg selv overstiger størrelseskriteriene i vedlegget».

Planar og tiltak som fell inn under § 8 skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn etter § 10. Dette gjeld m.a. reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. Planen vil leggja til rette for ny industriaktivitet i ein skala som ikkje eksisterer i området i dag, og planarbeidet blir vurdert å falla inn under punkt 10, bokstav a) *Utviklingsprosjekt for industriområde* i vedlegg II. Tiltaket inneber mellom anna terrenginngrep som følgje av utviding av industriområdet, og eit stort arealbehov i sjø. Delar av desse areala blir nytta til fiske, og er viktige gyteområde. Nærleiken til Stråtveit naturreservat er eit anna sentralt omsyn. Det er derfor vurdert at tiltaka kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Med bakgrunn i ovannemnde blir det konkludert med at tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing med planprogram etter §§ 6 og 8.

Planprogrammet


Utkast til planprogram følgjer som vedlegg. I planprogrammet blir det gjort greie for bakgrunnen for planarbeidet (kap. 1), planområdet (kap. 2), gjeldande planar, retningslinjer og føringar (kap. 3), konsekvensutgreiing - plikt og metodikk (kap. 4), tema som skal utgreiast (kap. 5) og plan- og søknadsprosess (kap. 6).

- Bakgrunn, kap. 1

Bakgrunnen for planarbeidet er at AF Miljøbase ønskjer å utvida operasjonane sine i Vats for å sikra tilstrekkelege areal for produksjon og lagring av fundament til offshore vindmøller, og til montering og mellomlagring av ferdige vindmøller i fjorden før dei blir slepte ut til Nordsjøen. Det skal og leggjast til rette for utviding av eksisterande industriverksemd ved basen på Raunes.

- Planområdet, kap. 2

Planområdet ligg ved og i Vatsfjorden og Yrkefjorden i Vindafjord og Tysvær kommunar.



Føreslått planavgrønsing og gjeldande reguleringsplanar.

Foreløpig avgrønsing av planområde: eksisterande regulert industriområde på Raunes med tilhøyrande regulert rigg- og ferdselsområde i Vats- og Yrkefjorden, ei planlagt utviding av landarealet ved basen på Raunes mot vest og nytt areal for lagring av fundament til offshore vindmøller nordover (innover) i Vatsfjorden, og i delar av Yrkefjorden i Tysvær kommune.

Foreslått planområde har ein total storleik på ca. 6.819 daa. I dette inngår tidlegare regulert areal, ca. 540 daa er på land og ca. 3.120 daa er i sjø. Vest for eksisterande industriområde er det føreslått regulert areal til etablering av kaverner og utviding av industriareal. Avgrønsinga er sett for å sikra tilstrekkeleg areal til ny fjellskjering og underjordiske kaverner. Utvidingsareal i sjø er definert med utgangspunkt i Kystverket si avgrønsing av riggområdet «Vatsfjorden».

Planavgrønsinga i sjø følgjer i kystlinja langs Vats- og Yrkefjorden, men går litt inn på land for å inkludera areal til eksisterande og eventuelle framtidige ankerfeste. Storleik og avgrønsing, krav til planering og omfang av industriutvikling, vil bli nærare utgreidd fram mot endeleg planforslag. Storleik på ferdig utvikla industriområde vil vera avhengig av krav til lagring, konstruksjonsmetode, teknologival og korleis montering/samanstilling blir løyst opp mot utgreiingstema og konsekvensar ved utbygging.

Dagens verksemd

AF Miljøbase Vats vart etablert på Raunes i 2004 og var ferdig utbygd i 2009. Eksisterande regulerte industriområde er på 360 daa. Anlegget er spesialbygd for handtering av offshoreinstallasjonar og andre marine konstruksjonar, og har eit rive-/konstruksjonsareal på 70.000 m². Hovudkaien er 182 meter lang med 23 meters djupne, og det er også fleire andre kaiar tilpassa større fartøy og lekterar. Anlegget består elles av driftsbygningar, servicebygg med kontor og tilhøyrande fasilitetar og lagerareal.

Planlagde bygg og arealbruk

Det skal leggjast til rette for utviding av eksisterande industriverksemd ved planering av terreng mot vest og med etablering av kaverner i fjellgrunnen sørvest for eksisterande industrifelt. Kavernene skal nyttast til uttak av stein og sikra tørr og frostfri lagring av tilslag til betong. Både massar frå kavernene og massar frå fjellområdet som skal sprengjast i samband med utviding av industriområdet, skal hovudsakleg nyttast internt på anlegget. Uttaket vert tilpassa verksemda,


både med omsyn til utfyllingar i sjø og for betongproduksjon. Prøvar viser at fjellmassane i området er eigna til tilslagsproduksjon.

Massane skal hovudsakleg mellomlagrast innanfor areal som allereie er regulert i gjeldande plan. Andre overskotsmassar er planlagt nytta i produksjon og i tilknytning til utfylling i sjø. Foreløpige berekningar viser behov for ca. 3 millionar m³ for utfylling i sjø. Nødvendig areal for masseuttak er anslått til 150 000 m². Dette gir moglegheit for eit uttak av massar på 5 millionar m³, og ca. 750 000 m³ av massane ligg innanfor allereie regulert område.

I samband med utvida verksemd i sjø, er det planlagd etablering av nedsetjingsområde for lekter og ny kai i Gåsavika. Det finst fleire ulike typar fundament til vindturbinar, og kailøysing må tilpassast fundamentstype. For å sikra fleksibilitet er det føreslått regulert eit maksimalt areal for kai som sikrar moglegheit for etablering av ulike typar kaiar etter behov. Avhengig av kva kailøysing som blir vald, kan det bli behov for fjerning av massar og undervasskjer utanfor miljøbasen. Det vert og vurdert å etablere ein ny kai i Raunesvika, sør for utløpet til Rauneselva.

Det kan også bli aktuelt med ei utviding av eksisterande djupvassvasskai med moglegheit for å oppnå 32 meters djupne ved kaifronten. Det er vidare ønskjeleg å utvida lagrings- og mottaksareal i basen og å utvida kaifronten. Dette er mogleg innanfor areal som er regulert i gjeldande plan.

Norconsult AS er engasjert til å utarbeida eit skisseprosjekt i samband med planarbeidet. Figuren nedanfor er henta frå skisseprosjektet og illustrerer planlagde tiltak på land. Utbyggingsvolum og byggjehøgder vert definert i det vidare i planarbeidet, og er ikkje bestemt på dette stadiet.




Mogleg framtidig arealbruk på området. Raud stipla linje viser grense for område regulert til industriformål i gjeldande reguleringsplan. Endeleg omfang av utviding i sjø vert definert gjennom vidare planprosess.

Sjøareal i Yrkefjorden og Vatsfjorden er ønskt nytta til lagring av ferdigmonterte vindturbinar og flytande fundament til vindturbinar. Den nye verksemda vil utløysa behov for mellomlagring av fleire flytande konstruksjonar enn gjeldande regulering tillét, då det kan bli aktuelt med lagring av opp mot 30 einingar. Blant desse einingane inngår både ferdigstilte vindturbinar og fundament som turbinane skal monterast på. Dei flytande konstruksjonane vil forankrast til land, slik at dei held seg til bestemt posisjon i sjøen. Det kan også bli aktuelt å nytta anker til sjøbotn ved behov. Mellom konstruksjonar i sjø og ankerfeste på land vil fortøyingslinene liggja med tilstrekkeleg djupne for at skip kan passera. Farleia vil derfor haldast open, men det vil vera restriksjonar på fiske i periodar der konstruksjonar i sjøen blir mellomlagra. Figuren nedanfor viser døme på situasjon der ferdige vindturbinar ligg i Yrkefjorden, samtidig som farleia er open for ferdsel.



Illustrasjon av prinsipp for lagring av ferdigmonterte vindturbinar i Yrkefjorden og flytande fundament i Vatsfjorden. Eksisterande ankringspunkt er markert med raudt.



Illustrasjonen viser prinsipp for lagring av vindturbinar med ankerfeste på land, gråskravert område viser område ope for ferdsel.

I tillegg til montering, lagring og testing av vindturbinar i sjø, vil det også vera aktuelt å nytta industriareal på land til samanstilling og fabrikasjon.

I kombinasjon med planlagd utviding, skal dagens verksemd med demontering, seksjonering og gjenvinning av offshoreinstallasjonar og andre marine konstruksjonar bli vidareført og utvikla for betre å kunne ta i mot skip og andre flytande konstruksjonar for gjenvinning. Reguleringsplanen skal derfor også leggja til rette for vidareføring av eksisterande industriaktivitet på området.

Prinsipp for drift

Produksjon av turbinfundament kan delast inn i fire hovudoperasjonar:

- Produksjon av fundament på land
- Utlasting til sjø
- Montering av turbinar
- Våtlagring

Det blir vist til kap. 2.5 i planprogrammet der dette er skildra.

Det blir understreka at det innanfor dei ulike fasane er fleire metodar og typar anlegg som er aktuelle, og at endelege løysingar ikkje er fastsette på noverande tidspunkt.

Gjeldande planar, retningslinjer og føringar, kap. 3:

Fleire statlege, regionale og kommunale planar og føringar er vurdert som relevante for planarbeidet.

- 3.1 statlege retningslinjer og føringar
- 3.2 regionale planar
- 3.3 arealdelen til kommuneplanane i Vindafjord og Tysvær
- 3.4 gjeldande reguleringsplanane i området – alle i Vindafjord
- 3.5 aktuelle lover og forskrifter som set rammer for planarbeidet
- 3.5 lover og forskrifter

Det blir vist til kap. 3 i planprogrammet der dette er gjort greie for. Desse skal leggjast til grunn i det vidare planarbeidet.

Konsekvensutgreiing

Utgreiingsmetodikk

KU-en vil bli gjennomført i tråd med metodikken i Miljødirektoratet si handbok for konsekvensutgreiing av klima og miljø (M-1941). Dette gjeld tema som handboka omfattar. Ved utgreiing av andre tema blir det nytta annan relevant metodikk.

Ei utgreiing i samsvar med M-1941 blir gjennomført i fleire trinn (alle trinn er ikkje aktuelle for alle fagtema):

- Innhenting av kunnskap gjennom eksisterande informasjon og nye kartleggingar/berekningar
- Inndeling av delområde i samsvar med fagspesifikke registreringskategoriar
- Vurdering av verdi i samsvar med fagspesifikke kriterium
- Vurdering av påverknad i samsvar med fagspesifikk rettleiing og i forhold til nullalternativet
- Vurdering av avbøtande tiltak ved bruk av tiltakshierarkiet
- Vurdering av konsekvens gjennom samanstilling av verdi og påverknad ved hjelp av ei konsekvensmatrise. Samanstilling av konsekvens for delområde til samla konsekvens for det aktuelle fagtemaet.

Usikkerheit

I samsvar med KU-forskrifta § 22 skal usikkerheit ved KU gjerast greie for. Usikkerheit kan vera knytt til kunnskapsgrunnlag, påverknad og effekt av førebyggjande tiltak.

Førebyggjande tiltak

Av § 23 i KU-forskrifta går det fram at konsekvensutgreiinga skal «*beskrive de tiltakene som er planlagt for å unngå, begrense, istandsette og hvis mulig kompensere for vesentlige skadevirkninger for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen. Beskrivelsen skal omfatte planlagte overvåkningsordninger*».

Det vert gitt ei skildring av kva førebyggjande tiltak som er vurderte, og kva tiltak som er innarbeidde i planen. Det er berre tiltak som er sikra gjennom plankart og føresegner, eller som er innarbeidd i det omsøkte tiltaket, som kan leggjast til grunn for vurdering av konsekvens.

Kompenserande tiltak skal ikkje inngå i konsekvensvurderinga, men det kan bli foreslått for å kompensera for vesentlege skadeverknader. Kompensasjon skal her forståast som fysisk å erstatta funksjonar som går tapt ved nedbygging, og ikkje som kompensasjon til enkeltgrunneigarar. Kompenserande tiltak er siste utveg, etter ei prioritert rekkjefølgje av skadereduserande tiltak som handlar om å unngå, avgrensa og setja i stand. Forslagsstillar vil gjera greie for kompenserande tiltak dersom dette er mogleg og aktuelt.

Referansesituasjon og nullalternativ

Referansesituasjonen, eller nullalternativet, skal beskrivast som grunnlag for KU-en. Det inneber ei vurdering av korleis ein antar at området vil utvikla seg dersom tiltaket ikkje blir gjennomført.

For å ta høgde for både dagens situasjon og miljøtilstand, og forventa utvikling med planlagde utbyggingar ved miljøbasen, vil to scenario bli vurderte som nullalternativ for KU-en:

- Scenario 1 – dagens situasjon og miljøtilstand, utan ny utbygging.
- Scenario 2 – utbygging innanfor dagens regulering.

Konsekvensane som følgjer av tiltaka som inngår i planforslaget vil bli samanlikna med begge nullalternativa.

Scenario 1 – Dagens situasjon

AF Miljøbase Vats består i dag av eit industriområde på land tilrettelagt for handtering av offshoreinstallasjonar og andre marine konstruksjonar. Sjøareal i Vats- og Yrkefjorden vert nytta til frakt, oppankring og seksjonering av installasjonar i sjø før ilandsetjing ved basen.

Konsekvensar av planforslaget vil bli samanlikna med situasjonen der dagens arealbruk og verksemd blir vidareført.

Scenario 2 – Utbygging innanfor dagens regulering

Det er venta ei aukande oppdragsmengde i dei komande åra, og for å koma marknadsbehovet i møte er det nødvendig å auka driftskapasiteten på miljøbasen. Dagens verksemd med demontering, seksjonering og gjenvinning av offshoreinstallasjonar og andre marine konstruksjonar skal førast vidare.

Gjeldande reguleringsplan opnar for større utbygging på land enn det som er i dag. AF Offshore Decom har planar om å utvikla området og utvida miljøbasen i tråd med vedteken plan. Dette inneber utviding av eksisterande fjellskjeringar og utviding av kaianlegg i sør. Det vil medføre eit større arealbeslag og truleg meir støy til omgjevnadene enn i dagens situasjon.

I tillegg til verksemd knytt til dekommisjonering, kan det vera aktuelt med samanstilling av nye olje- og gassplattformer i fjordområda. Vats er ein av få lokasjonar der slike plattformer med stor djupgang kan samanstillast. Industriområdet har tidlegare vorte brukt til utvikling av Troll A-plattformar og fleire andre store plattform-installasjonar.

I sjøområda tillét dagens regulering oppankring av to installasjonar samtidig, der 40 % av det regulerte sjøarealet kan nyttast samtidig. Dette gjer mogleg lagring av store installasjonar, og området vil nyttast til lagring og riving av installasjonar med inntil 500 meters lengde, som t.d. flytande produksjonsskip, plattformer og boreriggar.

Konsekvensar av planforslaget vil bli samanlikna med ein situasjon med utbygging i samsvar med gjeldande plan.

Influensområdet

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i verknader innanfor influensområdet til planen.

Konsekvensar knytt til arealbeslag vil vera avgrensa til planområdet, men influensområdet omfattar den geografiske utstrekkinga av verknadene av planen, og er ikkje avgrensa til det fysiske

fotavtrykket av tiltaka. Storleiken på influensområdet vil variera for ulike tema.

- Utgreiingstema, kap. 5

I dette kapitlet i planprogrammet er det gjort greie for kva tema som skal utgreiast. Dette vil skje etter KU-forskrifta eller i eigne notat/rapportar eller i planskildringa.

Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Dersom det manglar informasjon om viktige forhold, skal slik informasjon innhentast. Utgreiingar og feltundersøkingar skal følgja anerkjend metodikk og utførast av personer med relevant fagleg kompetanse (KU-forskrifta § 17).

I utkastet til planprogram er det definert følgande ni tema som skal konsekvensutgreiast:

1. naturmangfald
2. vassmiljø
3. naturressursar (fiskeri, akvakultur og drikkevatt)
4. landskap
5. støy
6. luftforureining
7. klimagassutslepp
8. friluftsliv
9. kulturminne og kulturmiljø

Alle temaa skal greiast ut i tråd med metodikken i Miljødirektoratet sin rettleier M-1941, med unntak av naturressursar der konsekvensutgreiing skal gjennomførast i tråd med Statens vegvesen si handbok for konsekvensutgreiingar (V712).

For kvart tema er det i planprogrammet gjort greie for dagens situasjon, problemstilling og behov for utgreiing.

Andre tema som vil bli behandla i eigne rapportar/notat

- geoteknikk og område stabilitet
- transportbehov og trafikk I sjø
- trafikk på land
- forureina grunn
- energibruk/-løysingar
- massehandtering

Tema som vil bli behandla i planskildringa

- vatn, avløp og overvatn
- ankring
- nærings- og samfunnsinteresser
- bustad, nærmiljø og folkehelse
- arkitektonisk og estetisk utforming, volum og høgder
- barn og unge
- universell utforming

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Pbl. § 4-3, stiller krav om ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for alle planar for utbygging. Analysen skal visa alle risiko- og sårbarheitsforhold som har noko å seia for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagd utbygging. ROS-analysen er kvalitativ, blir basert på tilgjengeleg informasjon og blir gjennomført i tråd med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sine rettleiarar.

ROS-analysen skal identifisera, skildra og vurdere reell fare i forhold til å fastsetja tryggingsskrav og skal dekke det arealet som planen omfattar.

Arbeidsmetodikk for ROS-analysen omfattar følgjande trinn:

- Fareidentifikasjon - kartlegging av moglege uønskte hendingar.
- Identifikasjon av objekt, verksemdar eller aktivitetar som representerer ein fare innanfor planområdet eller nærleiken til dette.
- Utarbeida liste over eit representativt og beslutningsrelevant utval av uønskte hendingar som blir underlagde ein meir detaljert analyse.
- Gjennomføring av analyse av sårbarheit og risiko.
- Evaluering av risiko og identifikasjon av behov for risikoreduserande tiltak.

For dette planarbeidet skal analysen m.a. omtala tema som naturfarar (flaum, skred, stormflod, bølger, havnivåstiging osv.), brann- og eksplosjonsfare, klimaendringar, grunnforhold og områdestabilitet, kraftforsyning, forureining, tilsikta handlingar, tilgjenge for utrykkingskøyretøy, sløkkjevatt for brannvesenet osv. Etter kvart i arbeidet vil aktuelle faretema kunne justerast.

- Planprosess, medverknad og framdrift, kap. 6

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan med KU for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden.

Planarbeid følgjer slik prosess:

- Varsel om oppstart av planarbeid, og utarbeiding og høyring av forslag til planprogram. (*Er utført*).
- Oppdatering av planprogrammet i samsvar med innkomne merknadar. (*Er utført*).
- Politisk vedtak av planprogrammet. (*Det er det denne saka gjeld*).
- Utarbeiding av utgreiingar det er stilt krav om i planprogrammet, ROS-analyse og forslag til reguleringsplan (kart, føresegner og planskildring).
- Høyring og offentleg ettersyn av planforslag med KU og ROS.
- Ev. endring/oppdatering av planforslaget etter høyring.
- Vedtak i kommunestyret.

Sluttproduktet skal vera ein einskapleg plan (kart og føresegner), med tilhøyrande planskildring, KU og ROS.

Planprogrammet skal og gjera greie for opplegg for medverknad gjennom planprosessen. Som det går fram av oversikta ovanfor, er det to lovpålagde høyringar i prosessen; ved oppstart av planarbeid /forslag til planprogram (6 veker) og når planforslag er utarbeidd (6 veker).

Reguleringsplanen er omfattande og havvindindustri representerer noko nytt, og det er derfor behov for god informasjon i planprosessen. Det vil derfor bli lagt vekt på medverknad også utover krava i pbl. mellom anna gjennom:

- dialog med regionale myndigheiter
- opne informasjonsmøte / kontordagar

Dette er allereie gjennomført i samband med varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram. Det er planlagt tilsvarande i samband med høyring av planforslaget.

Høyring vil bli varsla ved annonser på nett og i minst ei avis som blir lesen på staden. Direkte ramma grunneigarar, naboar, interessentar (lag og foreininga) og relevante offentlege myndigheiter, blir varsla særskilt i denne prosessen.

Høyring av planprogrammet

Forslag til planprogram blei sendt på høyring til grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter, lag, organisasjonar og andre interessentar frå Norconsult i brev datert 25.01.2024. Det blei også kunngjort i Haugesunds avis, Grannar og Tysvær Bygdeblad og på kommunen sine nettsider. Frist for uttale var sett til 15.03.2024.

I samband med varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet vart det arrangert informasjonsmøte i Skjold Arena 05.03.2024 og gjennomført kontordag dagen etter, slik at einskilde kunne avtala tid med tiltakshavar og konsulent.

Innkome merknadar/uttalar frå partar

Når varsel om oppstart av planarbeid og høyring av utkast til planprogram skjer samstundes, er det vanleg at dei som uttalar seg i liten grad skil mellom desse. Argumenta er ofte relevante både for oppstart av planarbeid og planprogram.

I alt kom det inn 36 merknader; 11 frå myndigheiter (10 i Vindafjord), 17 frå privatpersonar (6 i Vindafjord), 1 frå lokal verksemd (Vindafjord) og 7 frå grendautval og interesseorganisasjonar (5 i Vindafjord).

Vurdering

Innhaldet i merknadene og konsulenten sine kommentarar til desse går fram av eit eige notat som ligg ved. Dei fleste innspela omhandlar tema som vil bli ein del av KU-en, mens nokre vil bli behandla i ROS-analysen eller i eigne rapportar/notat eller i planskildringa.

På to punkt har Norconsult overlate til Vindafjord kommune å kommentera innkome uttalar. Dette gjeld uttalen frå Motvind Tysvær som viser til Vindafjord kommunestyret sitt vedtak den 24.09.2019 (KS-044/19) om nasjonal ramme for vindkraft, der kommunen seier nei til utbygging av landbasert vindkraft. Dei meiner at bygging, samanstilling og lagring av havvindturbinar på Raunes og i Vats- og Yrkefjorden i stor grad vil føra til dei same miljø- og samfunnskonsekvensane som turbinar på land, i tillegg til konsekvensane for fjorden. Samanhengande aktivitet i mange år/tiår vil gjera at dette framstår som eit permanent vindkraftanlegg, og Motvind meiner at kommunestyrevedtaket også må gjelda for den planlagde utbygginga.

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunestyrevedtaket det blir referert til har følgjande ordlyd:

«Vindafjord kommunestyre seier nei til utbygging av landbasert vindkraft i kommunen. Kommunestyret meiner at forslaget til rammeplan for vindkraft på land er basert på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag. For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnadar for nettilknytning. Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera areala i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen. Vindafjord kommune meiner det er rettare å satsa på utbygging av vindkraft på havet og oppgradering av vasskraftverk, der dette er mogeleg.»

Dette vedtaket gjeld landbaserte vindkraftparker og ikkje eit mogleg anlegg for produksjon, samanstilling og lagring av havvindturbinar. Kommunedirektøren vurderer derfor at dette vedtaket ikkje er til hinder for at utbyggingsplanane på Raunes og i Vats- og Yrkefjorden kan prøvast i ein planprosess, slik det er lagt opp til i denne saka. Planen er fremja som eit privat planforslag og skal behandlast politisk i fleire rundar (planprogram, førstegangsbehandling og andregangsbehandling/vedtak).

Norges Miljøvernforbund avd. Haugesund uttalar at havvind-industri ikkje er i tråd med vedteken

klimapolitikk i Vindafjord kommune. Det blir vist til at det i kommuneplanen er presisert at økosystem skal haldast intakte og at naturmangfaldet skal takast vare på, samt at kommunen skal redusera klimagassutsleppa.

Kommunedirektøren si vurdering:

Påverknad på naturmangfald og klimagassutslepp vil bli vurdert i KU-en. Planlagde tiltak vil bli vurdert i forhold til kommunen sin klima- og miljøpolitikk gjennom planprosessen. Energi frå havvind er fornybar, og havvind er eit prioritert satsingsområde for statlege myndigheiter.

I tabellen nedanfor har kommunedirektøren laga ei oversikt over dei temaa som innkomne merknader omhandlar. Oversikta viser breidda i innspela og tal innspel pr. tema. (Det ligg ei viss tolking bak kva tema nokre av uttalane er plasserte under). Totaltala omfattar uttalar som gjeld begge kommunane. Talet på uttalar frå partar i Vindafjord kommune, og som gjeld areal/tema i vår

Kommune, er sett i parentes.

Tema	Tal innspel om tema	Utgreiingstema KU, rapport/notat eller planskildring
Lokale verksemder, inkl. fiske og akvakultur	16 (9)	KU: 5.1.3 Naturressursar (fiskeri, akvakultur og drikkevatt)
Naturmiljø/naturmangfald på sjø og land	15 (8)	KU: 5.1.1 Naturmangfald og 5.1.2 Vassmiljø inkludert marint naturmangfald
Støy, støv, lys og lukt	10 (6)	KU: 5.1.5 Støy, 5.1.6 Luftforureining og 5.1.4 Landskap
Trafikk, sjø og land	10 (9)	Rapport/notat
Forureining til sjø	10 (5)	KU: 5.1.2 Vassmiljø inkludert marint naturmangfald
Landskap	9 (7)	KU: 5.1.4 Landskap
Friluftsliv, på sjø og land	9 (6)	KU: 5.1.8 Friluftsliv
Klima, miljø og berekraft	8 (5)	KU: 5.1.7 Klimagassutslepp
Vassmiljø på land og sjø og drikkevatt	7 (4)	KU: 5.1.3 Naturressursar (fiskeri, akvakultur og drikkevatt)
Lokalsamfunn	4 (1)	Planskildringa
Samfunnstrygglek – flaum og ras	3 (2)	ROS-analyse
Kulturmiljø og -minne	3 (2)	KU: 5.1.9 Kulturminne og kulturmiljø
Turisme, inkl. hytter	3 (1)	Planskildringa
Privat eigedom/ verditap/ erverv	2 (1)	
Verneområde	2 (1)	KU: 5.1.1 Naturmangfald
Energiforsyning	2 (2)	Rapport/notat
Nullalternativet	2 (2)	Planprogrammet og -skildringa
Massehandtering	2 (2)	Rapport/notat
Overvatt	1 (1)	Planskildringa
Medverknad	1 (1)	Er gjort greie for i planprogrammet
Renovasjon	1 (1)	
Teknisk infrastruktur	1 (1)	Planskildringa

Renovasjon er ikkje omtalt i planprogrammet. Dette er kommentert i oppsummeringa av innkomne uttalar: «*Dersom planforslaget medfører endringer for renovasjon i området vil dette vurdere som del av vidare planprosess.*»

Forhold knytt til privat eigedom og verditap-/forringing er heller ikkje omtalt i planprogrammet. Ny arealbruk etter gjennomført planprosess, kan endra verdien av fast eigedom. Dette i seg sjølv medfører ikkje erstatningsplikt, verken for det offentlige eller forslagsstillar. Erstatning for verditap-/forringing av fast eigedom som følgje av planprosessar, krev særskilt rettsgrunnlag. Slik sett ligg dette utanfor sjølve planprosessen.

Kommunedirektøren kommenterer ikkje kvar enkelt uttale, men i det følgjande vil dei temaa som fekk størst merksemd i høyringa bli omtalt og kommentert:

Lokale verksemdar, inkl. fiske og akvakultur

Merknadane gjeld særleg negative konsekvensar for fiskeri og akvakultur i fjordane, med problemstillingar knytt til arealkonflikt og forureining.

Behovet for utgreiing av desse temaa er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.3:

«Det skal gjerast greie for kva konsekvensar den planlagde verksemda vil ha for fiskeriinteresser og akvakulturverksemd i anleggs- og driftsfasen i området, og kva tiltak som kan gjennomførast for å avgrensa ulemper for lokal fiskeri- og havbruksaktivitet. Fiskeriinteresser inkluderer gyte- og oppvekstområde for haustbase artar, fiskeplassar og låssettingsplassar. Det skal vidare gjerast ei vurdering av korleis tiltak i Vatsfjorden kan påverka migrerende fisk frå Åmselva. Lokale fiskarlag og interessentar blir kontakta for oppdatert informasjon om fiskeriaktivitet og akvakulturverksemd i området.»

Hydrogeologiske vurderingar vil bli gjort for å dokumentera eventuelle konsekvensar for drikkevasskjelda Raunesvatnet.»

Naturmiljø/naturmangfald

Merknadane omhandlar konsekvensar for naturmiljø på sjø og land, mellom anna fugle- og dyreliv, flora og vegetasjon, naturtypar, biologisk mangfald, fisk og anna marint naturmangfald.

Behovet for utgreiing av desse temaa er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.1 og 5.1.2:

«Det skal gjerast ei vurdering av korleis utbygginga vil påverka naturtypar og artar med økologiske funksjonsområde på land. Påverknad som følgje av arealbeslag, støy, barriereverknad/fragmentering av habitat, samt moglegheit for påverknad frå lysforureining skal inngå i vurderinga. Det skal også gjerast ei vurdering av om tiltaket vil påverka landskapsøkologiske funksjonsområde. Vidare skal eventuelle konsekvensar for Stråtveit naturreservat kartleggast.»

Det vil bli utarbeid forslag til konkrete mildnande tiltak som kan redusera negative verknader for naturverdiane, med utgangspunkt i tiltakshierarkiet. Utgreiing og feltundersøkingar skal utførast av personar med relevant fagleg kompetanse.»

«Verknadene av tiltaket på vassmiljøet skal vurderast opp mot miljømåla i vassforskrifta og regional vassforvaltningsplan. Behov for mildnande tiltak skal vurderast. I tråd med KU-forskrifta og anna lovverk skal utgreiinga skaffa kunnskap om miljøtilstand og forventande endringar i vassmiljø ved realisering av tiltaket, slik at offentleg styresmakt skal kunna nytta grunnlaget til å gjera ei vurdering etter vassforskrifta § 12.»

Eksisterande kunnskap om vassmiljø vil innhentast frå offentlege tilgjengelege databasar (Vannmiljø, Vannportalen, VannNett) og regional vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion 2022-2027. Dersom eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje blir vurdert som tilstrekkeleg, skal det setjas i verk nødvendige kartleggingar etter gjeldande metodikk og til eigna tid på året i det omfanget som er relevant og nødvendig for å få eit godt avgjerdsgrunnlag. Alle feltundersøkingar skal bli utført av personar med relevant fagleg kompetanse.»

Metodikken i M-1941 legg til rette for at vurderinga av naturmangfald i sjø kan greiast ut som ein del av tema vassmiljø. Vurdering av naturmangfald i sjø vil derfor inngå som eit eige deltema i konsekvensutgreiing vassmiljø og vil følgja metodikken for fagtema naturmangfald etter M-1941.

Det finst ikkje eksisterande informasjon om marine naturtypar eller forvaltningsrelevante marine artar i plan- og influensområdet (Naturbase). Det er derfor gjennomført kartleggingar av marint naturmangfald i samsvar med DN-handbok 19. Kartlegginga er gjennomført av marinbiologar. Det vart i samband med dette funne vanlege førekomande artar og naturtypar, og dessutan førekomstar av tare og tang som har ein viktig økosystemfunksjon. Raudlista artar vart ikkje funnen. Registrerte marine naturtypar skal verdsetjast etter Nivas rapport «Ny revisjon av kriterium for verdisetjing av marine naturtypar og nøkkelområde for artar» (2019). Verknaden av tiltaket på naturtypar og økologiske funksjonsområde skal vurderast.

Tiltaket rører ved eit kjent lokalt viktig gytefelt for torsk og gytefelt for andre fiskeartar. Påverknad på gytefeltet skal vurderast. Vidare er det registrert svært viktige ålegrasenger i indre halvdel av Vatsfjorden, og fleire større tareskogførekomstar på nordsida i Yrkefjorden, og eventuell påverknad på naturtypane skal vurderast. Behov for mildnande tiltak og forholdet til naturmangfaldslova §§ 8-12 skal også vurderast.»

Støy, støv, ljøs og lukt

Det blir peika på at det allereie i dag er utfordringar knytt til dette, og at det kan/vil bli forverra som følge av tiltaka som det kan bli opna for i planen.

Behovet for utgreiing av desse temaa er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.5, 5.1.6 og 5.1.4:

«Fagkunnig skal gjennomføra ei utgreiing av støy frå relevante kjelder for både 0-alternativet og framtidig permanent situasjon for å vurderer om nærliggjande støvfølsom bygningsmasse blir utsett for støy over gjeldande grenseverdier og tilrådingar i samsvar med Klima- og miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442:2021, jf. tabell 2. Godkjende berekningsmetodar skal nyttast, og det skal utarbeidast støysonekart i samsvar med T-1442/2021.

Det skal også gjennomførast ei vurdering av støy knytt til byggje- og anleggsfasen for å klargjera forventa støy mot omgivnadene. Ettersom ein i slike tidlege prosjektfasar som regel ikkje har tilstrekkeleg detaljert info og framdriftsplanar for anleggsgjennomføringa, kan desse vurderingane gjerast på eit kvalitativt nivå.»

«Fagkunnig skal gjera ei vurdering av omfanget av luftforureining som følgje av anleggsverksemd og drift. Vurderingane vil ta utgangspunkt i estimerte utslepp frå bygging og drift av anlegga, sistnemnde basert på relevante produksjonsmetodar. Retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T- 2024-04-17 1520/2012), og krav til lokal luftkvalitet blir lagt til grunn for vurderingane. Det skal utarbeidast luftsonkart i samsvar med T-1520/2012.»

Ljosforureining vil bli dekkja under Landskap.

Pålegg om luktutgreiing er gitt av Miljødirektoratet i utsleppsløyve for miljøbasen datert 18.12.2023. Dette skal gjennomførast i løpet av 2024.

Trafikk på sjø og land

Merknadane gjeld problemstillingar knytt til auka trafikk på fylkesvegen mellom Knapphus og Raunes, som m.a. er skuleveg, og framkomst og tryggleik knytt til sjøvert ferdsel.

Behovet for utgreiing av desse temaa er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.2.3 og 5.2.2:

«I samband med planarbeidet vil det gjerast ei kartlegging av dagens trafikksituasjon og ei vurdering av om utvida verksemd vil medføre auka trafikk i området, både i drifts- og anleggsfase.

Eventuelle konsekvensar for mjuke trafikantar og lokal trafikktryggleik skal inngå i vurderinga.

Dagens trafikksituasjon og trafikkbelastning som følgje av utvida verksemd, vil kartleggjast og omtalast i eige notat som vil følgja planforslaget.»

«For utgreiing av trafikk i sjø skal følgjande tema inngå:

- Sjøtrafikkanalyse basert på tilgjengelege AIS-data – vurdering av dagens trafikkbilete på fjorden
- Omtale av eksisterande seglingsreglar i området
- Omtale av tilgjengeleg seglingsbreidd, djupn og navigasjonsinnretningar i området
- Vurdering av påverknad på eksisterande trafikk og navigasjonshjelpemiddel i fjorden
- Tilrådingar

Temaa skal greiast ut og vurderast i eige notat som vil følgja planforslaget.»

Forureining til sjø

Merknadane gjeld særleg utslepp frå basen og aktivitet på sjøen, forureina sediment og konsekvensar ved utfylling av masse.

Behovet for utgreiing av desse temaa er kommentert i planprogrammet pkt. 5.1.2. Sjå ovanfor under Naturmiljø/naturmangfald på sjø og land.

Landskap

Det blir peika på at planlagde tiltak vil ha negative konsekvensar på landskap og utsikt som følgje av utviding av landarealet ved basen og av installasjonar som ligg på fjordane.

Behovet for utgreiing av dette temaet er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.4:

«Det skal gjerast ei fagleg vurdering av korleis tiltaka påverkar omkringliggjande landskap gjennom nær- og fjernverknader. Lysforureining er eit relevant tema. Påverknaden av tiltaka på landskapet skal illustrerast gjennom synlegheitskart og visualisering i 2D/3D. Tiltak for å avgrensa negativ fjernverknad skal greiast ut.»

Friluftsliv på land og til sjøs

Merknadane er knytt til konsekvensar for turområde på land, båtliv og fritidsfiske.

Behovet for utgreiing av dette temaet er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.8:

«Det skal vurderast korleis ny industriverksemd vil påverka friluftslivet i området, gjennom visuelle verknader, støy, arealbeslag og barriereverknader. Det må avklarast kva friluftslivsverdier, bruk og interesser som finst i og rundt planområdet i dag, og korleis desse kan ivaretakast på best mogleg måte ved gjennomføring av tiltaket. Visuell påverknad og fjernverknader av tiltaket vil vera eit viktig tema. Eit anna viktig tema vil vera korleis utvida verksemd med lagring av installasjonar i fjordane vil påverka sjøbasert friluftsliv.»

Klima, miljø og berekraft

Merknadane er knytt til klimagassutslepp som følgje av planlagd aktivitet og FN sine berekraftsmål.

Behovet for utgreiing av dette temaet er kommentert slik i planprogrammet pkt. 5.1.7:

«Konsekvensutgreiinga skal kartleggja i kva grad tiltaka påverkar klimagassutslepp gjennom endra arealbruk, drift og produksjon på området. Det skal gjerast greie for dagens klimagassutslepp, som skal sjåast i samheng med utslepp som følgje av tiltaket, og målsetjingar om å redusera klimagassutslepp.»

Arealtypar som skal byggjast ned, forventa industriaktivitet og transportbehov/transportmønster skal beskrivast. Klimagassutsleppa frå arealbruk, industriverksemd, materialbruk og transportar skal bereknast ved bruk av Miljødirektoratets berekningsmetodar. Utslepp frå bygge- og

anleggsfase, energiløysingar/-forbruk, eller materialbruk i bygningar blir greidd ut ved bruk av relevante metodar.

Den positive verknaden knytt til bidraget til produksjon av fornybar energi skal skildrast.»

Forholdet til FN sine berekraftsmål er kommentert i merknadsdokumentet slik: *Prosjektet har ikke definert måloppnåelse mht. FNs berekraftsmål, men vil bidra til måloppnåelse utslippsfri energiproduksjon og ren energi.*

Dei andre temaa i uttalane blir ikkje tekne opp her, men vil bli utgreidd slik det går fram av kap. 5 i planprogrammet.

Oppsummering

Det er planprogrammet som no er oppe til behandling. Dette er «oppskrifta» på korleis planen skal utarbeidast; planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverknad og behovet for konsekvensutgreiing. Etter vedtak av planprogrammet skal konsekvensutgreiinga utarbeidast på grunnlag av dette og skal leggjast til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Konsekvensutgreiinga skal følgja planforslaget i den vidare planprosessen når kommunen får planforslaget til førstegangsbehandling og vedtak.

Planprogrammet følgjer vedlagt. Konsulenten si oppsummering av innkomne merknader og kommentarar til desse er også vedlagt. I det vesentlege er innkomne merknader tekne til følgje.

Kommunedirektøren vurderer at planprogrammet er dekkande i forhold til krava i lova, då det er gjort greie for formålet med planarbeidet, planprosess, opplegg for medverknad og sist, men ikkje minst kva tema som skal konsekvensutgreiast og kva metode som skal nyttast.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren rår til at planprogrammet blir vedteke slik det ligg føre datert 28.05.2024.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova, naturmangfaldlova og forskrift om konsekvensutgreiing.

Vedlegg:

Planprogram 28.05.2024

Oppsummering av merknader 28.05.2024